



Solheim Designere AS
Øvre Korskirkesmauet 2B
5018 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/2342 - 17/26559

Saksbehandlar:

Per Sveinar Morsund

Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:

29.09.2017

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 58/9 Lygre indre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om tiltak på gbnr 58/9. Det er søkt om fleire tiltak på eigedommen som vil bli handsama kvar for seg. Av praktiske årsaker er likevel alle manglar i saka samla i eitt mangelbrev.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Etablering av flytebyggje er eit søknadspliktig tiltak som må søkast og handsamast etter plan og bygningslova § 20-1. Det må også søkast om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8, byggeforbod i 100 meters beltet langs sjø for etablering av flytebyggje.
2. For søknad om fasadeendring på sjøhus må det sendast inn fasadeteikningar som viser eksisterande situasjon og framtidig situasjon. Teikningane må være målsette.
3. Det er kryssa av for at det søkast om bruksendring, men det går ikkje klart fram av søknaden kva bygningar det søkast om bruksendring for. Slik kommunen forstår søknaden er det berre søkt om bruksendring for dei to bygningane i SN3 og ikkje sjøhus/naust. Det må sendast inn supplerande opplysningar og teikningar med utfyllande opplysningar av kva bygningar som får endra bruk. For alle bygningar som skal bruksendrast må det liggje føre eksisterande og nye planteikningar som viser dagens bruk og framtidig bruk.
4. Det er ikkje samsvar mellom innsendt gjennomføringsplan og erklæringar om ansvarsrett. I følgje erklæringar om ansvarsrett ligg det berre føre ansvar for UTF for tømrararbeid og ikkje overordna ansvar for utførelse slik det går fram av gjennomføringsplanen. Det må sendast inn ny gjennomføringsplan og erklæringar om ansvar som dekker alle ansvarsområder for tiltaket.
5. Situasjonsplanen er mangelfull – Sidan det er søkt om bruksendring av bygningar til bruk ved overnatting er det krav om fleire parkeringsplassar. Det må sendast inn situasjonsplan som viser avsett areal til parkering for naudsynt antal plassar.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



6. Bruksendringa medfører auka bruk av avkjørsle til kommunal veg. Det må difor søkast til teknisk drift i kommunen om utvida bruk av eksisterande avkjørsle.

7. Det er ikkje kryssa av for fråvik frå teknisk forskrift. Kommunen ynskjer attendemelding på om tiltaket skal etablerast i samsvar med alle krav i gjeldande byggteknisk forskrift. Dersom dette ikkje er tilfelle må det kryssast av for at det søkast om fråvik og spesifiserast kva krav i teknisk forskrift ein søker om fråvik for.

8. Det er oppgitt at det ligg føre utsleppsløyve. Tiltaka medfører auka bruk av anlegget. Det må difor sendast inn dokumentasjon på at noverande utsleppsløyve også omfattar den utvida bruken det no søkast om. Alternativt må det søkast om nytt utsleppsløyve til den bruken som skal vere på eigedommen.

9. Dersom tiltaka omfattar arbeidsplassar må det innhentast samtykke frå Arbeidstilsynet. Vi ber difor om attendemelding på om tiltaket kjem inn under arbeidsmiljølova eller ikkje.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 15.11.17**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ole Bakkebø

Lurevegen 1419 5912

SEIM

Mottakarar:

Solheim Designere AS

Øvre
Korskirkesmauet
2B

5018

BERGEN